



Rabben Camping kan truleg syna til ei rekordhelg når det gjeld tilresande feriegjester.

Det går mot ei rekordheld når det gjeld gjester i båthamner og camping i Uskedalen. Vi kan knapt minnst at det har vore så mange tilreisande. Stor pågang av gjester i bubil gjorde at Uskedal Båtlag opna opp for å bruka grøntarealet ved servicebygget til parkering. Dette vart gjort for å avhjelpa Rabben Camping og dermed finna plass til så mange som mogeleg. Parkeringsplassen ved Vertshuset vart også brukt.

Uskedalen.no var i område i dag tidleg og snakka med både båt- og bubilgjester. Tiltaket og samarbeidet mellom ulike aktørar har skapt merksemd. Gjestene er nøgde og mange vil finna vegen tilbake til Uskedalen. God service der ein tek vertsskapsrollen på alvor er registrert.

Mange båtgjester fortel at dei kjem gjerne til Uskedalen. SPAR butikken og andre sentrumsfunksjonar er viktig. Naturen og merka stiar og turveggar til fjells og i nærrområde har mykje å sei.



I samarbeid med Uskedal Båttlag vart det opna opp for bubilar og telt på grøntarealet ved servicebygget i båthamna.

Rosendal er fint, men der er det ofte større båtar til kai. I Uskedalen er det plass for alle i eit triveleg og koseleg miljø.

Nordmenn er oppmoda om å feriera i eige land. Dersom det held fram slik det har vore denne helga, trengst det meir areal og plass for bubilar. Korleis dette skal løysast vert sikkert drøfta i tida framover. Uansett: Samarbeid er viktig. Det fekk ein merka denne helga.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Uskedal Båttlag kan syna til mange gjester og stor båtttrafikk i helga.